



Karina Solheim, Hege Digranes og Åsmund Lilleaas tok imot prisen.
(Foto: Kristian Hus)

– Gratulerer med velfortent pris, og takk for godt arbeid, sa ordførar Synnøve Solbakken til tre av eldsjelane bak Festidalen, som i dag blei tildelt Frivilligprisen for 2013. Det skjedde under lunsjen for kommunestyret i rådhuset.

Ordføraren trekte fram at Festidalen er blitt eit arrangement som har sett Kvinnherad på kartet med ein skikkeleg og god bygdefestival, med både store kjende namn og nye spennande artistar.

– Bak denne suksessen står ei gruppe menneske, som brukar mykje fritid på å laga ein festival som gjev mykje glede for mange, sa ordføraren.

Ho peika spesielt på at Festidalen er eit stort og imponerande dugnadarbeid. På denne måten er alle som deltek med og fremjar det frivillige arbeidet i kommunen.

Tildelinga av årets frivilligpris er ein pris som mange har ein del av – og æra for, sa Solbakken, som òg trekte fram at arrangementet i Uskedalen i august kvart år etter kvart er vorte noko fleire aldersgrupper har glede av. Tilbodet er vorte utvida til òg å omfatta barn og unge.

Alt i alt er dette eit stort dugnadsløft, som styret for Kvinnherad Frivilligsentral ønskjer å heidra med Frivilligprisen for 2013, avslutta ordføraren til applaus frå heile kommunestyret.

Karina Solheim, Hege Digranes og Åsmund Lilleaas tok imot diplommet og ein sjekk på 5000 kroner frå Kvinnherad kommune.

Av Kristian Hus
HusnesNett

